

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voss

Emne: Helsing, fakler og alfod.

Bygdelag: Kvilli

Oppskr. av: Birka Lid, f. 1893.

Gard: Lid

(adresse): Volda

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Ja. Eg skriv om stikkene, så som eg minnst det frå ikking 1900 til no.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Folk uttrykkjer ja med ein nikk på hovudet. Eller òg, etter det første nikk, flire, liksom til stadfesting. Små born som var stillarde å nikka, gjorde det ofte mange gonger på rad. Nei, ved å rista på hovudet.

2. Både i Vossebygdene, og i alle dei laggder eg har levt, s. d. Kvam i Hordanger, Askøy, Volda på Sunnmøre, Neshovad i Telemark, Gloppen i Nordfjord, har det vore skikk å helsa på alle ein møtte anten ein kjende dei eller ikkje.

Ja, i Sverige og Danmark har det òg vore skikk. I Gyltand var skikken levande då eg var der i 1921 og 1932. Eg møtte aldri eit eldre menneske utan dei sa: "Goddaw". På ein stasjon i Mittre Sverige der eg gjekk ein liten tur medan toget stod, kom ein gut i konfirmasjonsalderen ut av skogen med to fulle lytter tytling. Han sette ned lyttene og leukka djupt for meg, utan noko sagt frå mi side. På Voss har skikken halde seg ute i laggda til no. (Men ikkje på Vangem.) Eldre folk brukar skikken no og, men

ikkje dei unge til vanleg. Dei helsar berre når dei går i lag med eldre som gjer det.

3. Eg veit ingen regel om det. Men vaksne helsa vanleg fyrst når dei møtte eit barn.

4. På Voss sa ein i eldre tid: "Goddagen". Seinare gjerne avstytt til: "Goddag".

Om morgonen: "God morgon". Om kvelden: "God kvelden". I nyaste tid: "God kveld".

Det var likt for menn, kvinner og born. Mennene lyfte ikkje på hatten når dei møtte nokon av sine jamlikar.

5. Det var ikkje vanleg at bygdefolk tok av seg hatten eller huva når dei møttest ute. Møtte dei prestew, eller storfolk, lyfte dei på hatten. Om dei stansa og snakka med einkvam av storfolket, lyfte dei på hatten og tok han under handa eller i neven, til teikn på vordnad. Men dei kunne og setja han på att, medan dei stod og snakka.

6. Eg veit ikkje om anna eme at det tydde på vordnad.

7. Nei, det veit eg ikkje av.

8. Folk brukte mykje å handhelsa. (Møtte du eit menneske som ikkje var frå di eiga grend, stogga og spurde kor dei levde, handhelsa du gjerne fyrst. Den som stogga den andre, skulle gli handa fyrst. Ved kyrkja eller på Vangen handhelsa ein på vener og kjenningar. Og når ein ynskte gledeleg "høgtid", handhelsa ein. Når ein kom på vitjing, handhelsa ein på alle, også dei minste borna. Like eins

i likveitla og i kryllaup.

9. Ja. Dei gjorde ofte det, serleg til uttrykke for venskap, eller velviti. Oftast menn med menn, kvinner med kvinner. Men det kunne også vera ulikt kjønn.

10. Ja. Mamma tok hatten i handa - eller mellom hoi hendene om dei var ledige - stod andaktsfull og lydde på kyrkje-klokkene. Kvinnene laogde berre hovudet.

11. Ved likfylgje. Dei stansa straks. Mennene tok hatten i handa, kvinnene stod still, og salet vart dei vordsamt staaande som dei halsa den dode, og stod til likfylgjet var fare ut gott stykke forbi. Ved kryllaup stogga folk og stirde på berusa og fylgjet, men då var det mindre høgfidsamt, dei kunne prata smatt seg imellom.

12. Dyr, serleg hestar og hundar, kunne dei halsa på med å snakka til. Det var vel meir på skjemt. Av ting vit eg berre det var visse steinar ein skulle kasta ein smastein bortpå når ein gjekk framom. Eller ein kvist.

13. På voss sa dei aldri "morn" eller "god middag". Ikkje "grøaftan" heller, anna enn på spik.

"Godmorgon": Frå grytidleg til ikring kl. 9. Sidan: "Goddagen" til i skyminga, 5-6 tida. Seinare: "Godkvelden" (godkveld) "Godnatt" sa dei når dei skildest om kvelden seint. Eller når dei skulde gå og leggja seg.

14. Ja, det var halde for usømeleg å seia "gomorn" andre tider enn om mor-

5137

gonen.

15. Ja. Ein svare den som sa "gomorn" med f. d. "Go'moren (midt på dag!"

Eller: "Morgonen varer lenge for deg!"

16. I dag har mange av dei unge teke etter det moderne bruk av "morn". Og har òg teke til å seia "god middag". Dei eldre reagerar ofte mot det.

17. Ja. Alle disse uttrykka har vore brukte i mitt minne. "Signe kvilet" når ein kvinne sat attmed veggen, eller tok ei kvilestund i arbeidet.

18. Ja. Det fantst fleire. "Signe stuket" har eg høyrst. Og "Signe deg", eller "Gud signe deg". Ein skulle svare "Takk".

19. Dei sa oftast når dei kom innlag med verten (eller ein kvinne annan): "Goddagen hev." Eller: "Goddagen i stova" (i huset). Anten det var nokon inne eller ikkje. Det kunne dei òg seia om dei kom alene inn.

"Goddagen" òg "var svar på tiltalen: "Goddagen." Summe gamle brukte det i mitt minne.

20. Anten gav ein han berre eit vink med handa. Eller ein sa: "Eg skulde snakt nokre ord med deg."

21. Det var ikkje brukt i grenda i fyrstinga av dette hundreåret. Summe harka og hosta litt for dei let opp døra. Andre gjekk berre beint inn og sa: "Eg spring inn eg." Og fekk til svar: "Ja, hev skulde no vera inngjengt." Kom ein lenger bort, bankar sume på, sume ikkje. Seinare tok dei til å kikke på.

No er det vanleg skikk.

22. Eg har alt skrivne det vanlegste svaret. Dei kume og svara: „Ja, kom du.“ Han som kom inn skulle vera seg høvst at. Gufar og vaksne karar skulle helst ta huva av når dei kom inn.

23. Ja.

24. Helst straks han kom inn, om han ikkje stod på spranget ut att. Eller i vissa når dei laud han selja seg.

25. „Du må sjå til å få sifja.“ Eller: „Du får femma deg ein sess.“ Det siste helst til ein god kjerring eller gramme. Til ein slik kume dei og seia: „Er du so fremmande, at du ikkje torer femma deg sess?“ Eller: „- torer hengja deg nedpa?“ Og han svarar: „Nei, eg er kjø so fremmande.“

26. Ja. Ein var meir høfleg mot langframande og skyldfolk frå andre grender. Fann sess at dei og sa: „Du får sjå til å få sifja.“

27. Heilt framande frå andre bygder, helsa ein som skyldfolk frå andre grender, men kanskje med færre ord. Ein kume seia: „Velkomen her.“ Eller: „Velkomen til gards.“

28. Nei. Det var ikkje større skilnad.

29. Ein handhelsa og sa: „Velkomen“ eller „Velkomen her.“ Og så nokre ord om årsveksten, ver og vind eller anna.

30. Dei sa vanleg „Farvel.“ Eller: „Du (de) får fara vel.“ Ein svara: „Farvel“, eller „Farvel og.“ Og „Lev vel“, eller „Lev so vel du og.“

31. Ein helsa med same ord som ved kvar-

6
dagslege hendingar (vitjingar), men meir
høgtidsamt og stogga til dei var ute
oð syne. Dei gav då gjerne eit vink
tilbake. Dette gjaldt både for ei lang
tid, og truleg for siste gang.

I siste tilfelle sa dei gjerne: "Ja, no
får du leva vel, og koma oss i hug".
Eller: "Lat oss møtast på ein betre stad".

32. Nei. Ikkje i andres påsyn.

33. Det kunne einast vera vaksne som
kysste eit lite barn. Gjorne på kinnet,
stundom på munnen.

34. Nei, eg veit ikkje av det. Ikkje an-
na enn det siviliserte: "Slikja på
einannan". Eller: "Slikja på".

"Eg veit kje at nokkinn ska slukja på
mine barn, sa ei mot.

35. Ja. Men ikkje villt framande.

36. Det var helst for å syne takksemi
for ei gave. Dei kysste på si eiga
høgre hand og gav den til den dei tak-
ka. Eller tok handa til den andre og
førde innsida opp til munnen sin.

37. Det veit eg ikkje.

38. Byta munn.

39. Ja. Anten sette ein beire nase bort-
at, eller ein gnidde dei mot einannan.
Det kallast "å byta nos".

40. Alle vaksne kunne gjera det. Også
store barn.

41. Ja. Dei knip nasa mellom desse
to fingrane og heldt handa attom
seg. Og sa: "No tok eg nasa di." Eller:
"No stal eg nasa di". Dei små vart
gjorne redde og kjende etter om dei

7
hadde nos. Noko sers namn på det
veit eg ikkje.

42. Ja, dei brukte stundom det.

Eg har berre høyrst dei seia til kvar:
"O du va' go' ma meg."

43. Helst ein vaksen med eit barn,
både andre og foruldra. Men vaksne
kume og gjir det seg imellom, fast
og helst litt brydd.

44. "Til lukka" eller: "Til lukku med"
brakte ein ved gymse høve. Når folk
var trulova, eller vigde. Var det visse
dagar, som årsmålsdag, konfirmasjon,
eller eitkvartslag juletenem, sa ein:
"Til lukku med dagen."

45. Ved høgtidsdagane, jul, påske og
pinse, sa ein for alltid: "Gledelig høg-
tid". Har inntrykk av at "gledelig jul"
var av nyare dato. Men dagane før
jul, brukte dei å seia: "De far ha ei
god jul tilstundande", "nit du skildest."
"God påske" er mykje nyare. "God pinse"
like eins. Men ved nyåret sa dei, an-
sen: "Gott år", eller "Gott nytt år". Og
takk for det gamle. Svaret var: "Takk
og deg det same."

Tyre nyår sa dei òg: "De far ha eit
gott år tilstundande."

Ved karnetfødsel: "Til lukka med sonen
(dottera, sønesonen, dottersonen o. s. b). El-
ler berre: "Til lukka med arvingen."

Ved brudslup: "Til lukka (lukku) med
brura". Eller "dottera, sonen" o. s. b.
Eller òg "Til lukka med laget (dagen)."

46. Ved dødsfall brukte folk svært få

ord, og ikkje i så fast ordelag som
 elles. Dei tok trauet i hand og sa
 kanskje: "Faja, no er han (ho) fleggt
 ifrø deko." Eller: "No har han (ho) stritt
 ut." Eller liknande. Ved gravferd
 helsa dei berre, og sa aldri "Kondolewa"
 eller noko slikt.

Ved motgang brukte dei og få ord.
 "Eg har sunkt so på deko", s. d.

47. Ein brukte handa og sa sterkt:
 "Takk." Eller: "Stor takk", "Mangfoldige
 takk". Tusen takk" er mykje myrare.

48. Eg har høyst dei har sagt at dei
 "sakka ut liket". Det var i stova for
 dei bar liket ut ved gravferd. Men eg
 har forstått det slik at det var sjølve
 salen til "salsmamen" dei meinte. Kan-
 skje har sa nokre ord om den avlidne,
 at han var saknande. Mange ord sa dei
 ikkje om slikt, - dei sagde helst med det.

49. Ved å setja trut på munnen. Ved
 å setja bæ hendene ut frå nasa - "piv-
 Ra fingerat" - mot den ein vanvyrde.
 Ved å kyssa på si ega hand og slå
 seg i reva "Kyss meg i reva." Eller:
 "Kyss meg adle-staine", var uttrykket dei
 då brukte.

50. Alle folk i grenda (og på Noss i det
 heile) sa du til einaman, utan undantak.
 De var berre fleirtalsform. Det er såleis
 no og. Til presten og sume kondisjonerte
 sa sume De, men stikk ikkje alle. Dei sa
du som elles og tykte ikkje det var ukjøfleg.

51. Nei. Det har ikkje vore brukt
 i mi tid.

5137

Ein gamal mann som hadde vegen sin framom vaseteigen brukte å seia når han treffe nokon: „Gu'dagen, han er fint vev, han er løy, han er still, han er litt miskegn, farvel.“ Og så gjekk han heile tida. Eller andre ordelag i arma vev.